
Fra: sigfred <sigfred.johansen@bkkfiber.no>
Sendt: 17. oktober 2017 09:54
Til: Postmottak Lindås
Emne: Støtte til felling av grantre i Kvamsvåg.

Att. Arne Eikefet.

Hei Arne; ei sak som eg vil kommunen å vurdere.

Eg og fleire med meg har hatt ei sak gåande med Arnljot Jordal og Statens Vegvesen om å ta ned den granhekken på hans eigedom som grensar mot Kvamsvåg Handel i Kvamsvåg. Eine treet er rote og vegvesenet seier dei skal ta det men ingen ting har skjedd no etter eitt år. Trea utgjør ein sikkerhetsrisiko og tar mykje lys og sol frå eigedomar bak.

Arnljot Jordal er inforstått med at trea må bort ved utviding av vei og han vil difor ikkje sjølv ta denne kostnaden og arbeidet. Saka er derfor no tatt opp i forliksrådet og kjem opp 5.12.2017.

I eit av møta vi hadde nevnte han at vi kunne spørre Kommunen om dei ville ta ned trea. Han har gjort mykje dugnadsarbeid for kommunen bl anna med vassleiding til Kvamsvåg og meinte at no kunne dei kanskje gjere noko tilbake. Vi vil sikkert kunne bidra litt med opprydding og vegvakt under fellinga.

Er det mogeleg at Kommunen ville ta på seg denne oppgava? Eikeland trefelling meinte dette var ein jobb til ca 30.000. Det dreier seg om ca. 14 tre. Tømmeret kan sikkert hentas utan kostnad av sagbruk. Statens Vegvesen vil sikkert ta ein del av kostanden med den største rotne grana.

Ber om at kommunen bidrar i denne saka og kan hjelpa Arnljot og bygda for å få ein sikker veg forbi området.

Mvh Sigfred Johansen
Kvamsvågen 29
5911 Alversund